



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 26/934
ArkivID: K1-122, K2-F35, K2-F30
Saksbehandlar: Kjersti Hedalen

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyrekomité for opplæring og kultur	
	Kommunestyret	

Busettings- og integreringsplanen 2026-2030

Vedlegg:

15.08.2026	Busettings- og integreringsplan 2026-2030	320224
03.08.2026	Bosettings- og integreringsplan-innspel frå Øystre Slidre Idrettslag	319487
14.07.2026	Busetting og integrerings planen-innspel frå eldrerådet	317976

Tilråding

Kommunestyret vedtek busettings- og integreringsplanen 2026-2030 slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka

I kommunen sin planstrategi for 2024–2027, vedteken i kommunestyret 25. april 2026 i sak 24/195 går det fram at busettings- og integreringsplanen skal reviderast i 2025 eller 2026.

Saksopplysningar

Busettings- og integreringsplanen er ein temaplan og kommunestyrekomiteen for opplæring og kultur er styringsgruppe. Føremålet med denne planen er å gje ei samla retning for kommunen sitt arbeid med busetjing, kvalifisering og integrering av flyktingar. Planen skal bidra til føreseielegheit, kvalitet og god ressursutnytting, og vere eit styringsverktøy for avgjerder, tenesteutvikling og samarbeid.

Forslag til plan er utarbeidd av ei arbeidsgruppe som med deltaking frå integreringstenesta og kulturavdelinga, og tenesteleiar for integreringstenesta er leiar i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har hatt seks møter. Brukarane si stemme er vareteken gjennom referansegrupper, som består av flyktingar med ulik landbakgrunn, alder og butid. Dei har hatt to møte.

Planen låg ute på offentleg høyring 2.6.26 til 15.7.26 og det kom inn to høyringssvar. I høyringsbrevet vart det oppfordra til å særskild vurdere desse områda i planen:

4.1: Haldningar, inkludering og likeverdige tenester: Korleis kan vi nå flest mogleg av innbyggjarane med haldningsskapande arbeid?

4.3: Arbeid og sjølvforsørging: Her ynskjer vi særleg innspel frå arbeidsgjevarar om kva som skal til for å inkludere flyktingar i arbeidslivet.

4.4: Tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap: Her ynskjer vi spesielt tilbakemeldingar frå frivillige lag- og organisasjon og enkeltinnbyggjarar. Kva har vi av tiltak i

dag som det er viktig å bygge vidare på, og korleis kan vi gjere det? Kva tiltak saknar de for å nå målgruppa?

Vurdering

Planen er vesentleg omarbeidd frå gjeldande plan. Dette kjem dels av at flyktningssituasjonen lokalt er ein heilt annan enn han var i 2020, og dels av ei avgjerd om å utelate område som naturleg høyrer til i andre planar. I den tidlegare planen var helse, bustad og oppvekst eigne satsingsområde. I denne versjonen ligg hovudfokuset på tenestene som er særskilt organiserte for flyktningar, og på koordinering av tenester, og det blir elles vist til det øvrige planverket.

Integrering er at personar med flyktningbakgrunn får ei reell moglegheit til å delta i samfunns- og arbeidslivet på lik line med andre innbyggjarar. Dette handlar om at den einskilde bidreg med eigne ressursar, og tek ansvar for eige liv innanfor rammene av rettar og plikter som gjeld i det norske samfunnet. Integrering er ikkje ein einvegsprosess der den einskilde flyktningen har alt ansvar, men eit samspel der også kommunen, lokalsamfunnet og arbeidslivet bidreg i integreringa. Det er naturleg at flyktningane gjennom integreringsprosessen nærmar seg majoritetsbefolkninga på nokre område, medan dei tek vare på sine særtrekk på andre område.

God integrering er svært viktig både for enkeltpersonar, familiar, lokalsamfunnet og for kommuneøkonomien. Lukkast vi med integreringsarbeidet, blir flyktningane ein ressurs i lokalsamfunnet og arbeidslivet, òg potensielt for kommunen som arbeidsgivar. Manglande integrering kan derimot føre til samansette sosiale og helsemessige problem som belastar både den enkelte og samfunnet. Målet er at personar med flyktningbakgrunn skal få likeverdige tenester, moglegheit til å delta i arbeid og samfunnsliv, og til å leve sjølvstendige liv i kommunen.

Hovudmålet i planen er formulert slik: "Øystre Slidre kommune skal vere ein fleksibel og kompetent busettingskommune som buset flyktningar i tråd med nasjonale behov, lokale føresetnader og eit prinsipp om likeverd mellom menneske. Personar med flyktningbakgrunn skal få likeverdige tenester, moglegheit til å bidra med ressursane sine inn i samfunns- og arbeidslivet på lik line med andre innbyggjarar, og til å leve frie og sjølvstendige liv."

Ut i frå hovudmålet er det sett opp delmål til kvart satsingsområde. Satsingsområda er utarbeidd etter kjennskap til nosisituasjonen, kjennskap til utfordringar og kjenneteikn på god integrering. Satsingsområda er:

- Haldningar, inkludering og likeverdige tenester
- Kvalifisering for vaksne flyktningar
- Arbeid og sjølvforsørging
- Tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap
- Koordinering og styring

Satsingsområda peikar ut prioriterte retningar for utvikling av tenester og samarbeid. For at kommunen kan arbeide systematisk for å nå hovudmålet har kvart satsingsområde sine prioriterte innsatsområde.

Det er kome inn to innspel etter høyringsrunda:

Eldrerådet:

- Saknar konkretisering av tiltaka for å nå måla og kven som har ansvar for å gjennomføre dei.

Spreidd busetting: problematisk med tilbodet til offentleg transport i kommunen og regionen.

Vurdering:

For å nå måla i planen er det naudsynt med tydelege tiltak og ansvarsfordeling. Når planen er vedteke vil dei aktuelle tenestene utarbeide målretta tiltak og fordele ansvaret. Det vil også bli gjennomført evaluering. Dette er ein del av det kontinuerlege forbetningsarbeidet. For å tydeleggjere kva som ligg i spreidd busetting er det lagt til ei presisering i planen under målet tilhøyrslø, samfunnsdeltaking og medborgarskap at spreidd busetting blir i nærleiken av kollektivtilbod.

Øystre Slidre idrettslag:

- Planen er grundig og godt forankra i utfordringane som kommunen står ovanfor.
- Positivt at det blir lagt vekt på arbeid, språk, tilhøyrslø og samarbeid med frivilligheita.
- Idretten er ein av kommunen sin viktigaste inkluderingsarenaer for barn, unge og vaksne. Møtast på like vilkår.
- Kommunen bør ha eit tett og langsiktig samarbeid med lag og foreiningar.
- Mange aktivitetar fins allereie. Utfordringa er å koble nye innbyggjarar til tilboda. Transport, økonomi, og manglande kjennskap er hindringar for deltaking.
- ØSIL ynskjer å vera ein aktiv samarbeidspartnar i dette arbeidet og bidra til at fleire finn plassen sin i lokalsamfunnet gjennom idrett, aktivitet og frivillig engasjement.

Vurdering:

I kapittel 4.1 under prioriterte innsatsområder er det lagt inn ei presisering at lag- og foreiningar er særskild viktige inkluderingsarenaer, og at kommunen vil ha særskild merksemd mot flyktningar i samhandling med lag- og foreiningar. Kommunen vil samkøyre samhandlinga med lag- og foreiningar, der kulturavdelinga har eit hovudansvar for tilrettelegging og andre tenesteområder bidreg frå sitt fagområde.

Det blir vurdert at planen med presiseringar etter innspel, er forankra i nasjonale og lokale forhold, og at den gir ein tydeleg retning for det vidare arbeidet med busetting og integrering i kommunen ut i frå dagens situasjon og forventa utvikling dei neste åra.